



Os, 30.08.04

Til
Justis – og politidepartementet
Akersgt. 42 pb 8005 Dep.
0030 OSLO

JUSTISDEPARTEMENTET	
07 SEPT 2004	
SAKSNR.:	200401096
AVD/KONT/BEH:	RSB/RS-R/ISW
DOK.NR. 23	ARKIVKODE: 625

L.nr.	Saknr.	Arkivkode	Eining/Sabh	Dykkar ref.
011390/04	04/01550	/M82 /	BRA/AMO	

Høring – utredning om forenkling og effektivisering av nødmeldetjenesten.

Os brann og redningsvesen har mottatt ovannemnde utreiing til uttale, og vil støtta utvalget sine tilråingar med følgjande merknader:

- 112 bør innførast som einaste naudnummer i Noreg.

Det er av stor betydning at publikum har eit naudnummer å halde seg til. Når folk har bruk for hjelp frå naudetatane er det ofte ein ekstraordinær hending som ligg bak, dette gjer at innringjar ikkje alltid tenkjer rasjonelli i slike tilhøve.

- Heile eller delar av naudmeldetenesta si oppgåve bør organiserast som ei felles teneste for alle naudetatane.

Heile naudmeldetenesta bør organiserast som ein statleg teneste, med tverrfagleg innslag frå helse, brann og politi.

Dette utfrå likhetsprinsippet slik at vi får ein standard til å drifte sentralene på, som er lik for heile landet.

Tryggleiktsaspektet for innsatsmannskap vert også mykje betre ivaretatt ved samlokalisering. Vi har gang på gang opplevd at tryggleiken ikkje er blitt ivaretatt på ein god nok måte med dagens ordnig, med fagsentralar som ikkje er samlokaliserte, viktige meldingar og opplysningar som ikkje kjem vidare på tvers av proffesjon. Jfr. ved for eksempel skarpe oppdrag der våpen er med, samt trafikkulukker og kjemikalie ulukker (farleg gods) osv.

- Naudmeldetenesta bør ha eit organisatorisk tilknytingspunkt.

Det bør organisatorisk knyttast opp mot Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap eller politidirektoratet slik at styringsmoglegheiten blir ivaretatt på ein sams og effektiv måte.

Det bør vera ein eigen etat som rekrutterar fagfolk frå helse, politi og brann, gjerne på engasjement frå 4-8 år.

- Tal naudmeldesentralar bør reduserast frå dagens nivå.

Ja, dette grunna manglande mengdetrening for mannskap som betjener desse, dersom det er for mange sentralar.

Svar på følgende spørsmål ref. kap. 14:

- Hvilke typer oppgaver tilknyttet nødmeldetjenesten kan organiseres som felles tjeneste, og hvilke type oppgaver må utføres ellers?

Ved samlokalisering kan heile naudmeldetenesta organiserast som ei fellesteneste. Det kan vera forskjellige sentraler/ pulter/ kontor for dei ulike etater, men det må vera mogleg å samlast dersom det er større tverrfaglege aksjonar.

- Hvilke organisatorisk tilknytningspunkt vil tjene tjenesten best?

Det bør opprettast ein egen naudmeldingsetat som rekruterar fagfolk frå alle tre proffesjonar. Dette for å få ein effektiv, slagkraftig og samarbeidsorientert naudmeldeteneste, ikkje minst under større aksjonar.

- Konkretisering av anbefalt løsning, inkludert operative og administrative forhold

- Konkrete kostnadsestimater knyttet til anbefalte løsninger.


- Vurdering av en eventuell konkuransetsetting av tjenesten

Bør vera ein offentleg teneste som vert ivare tatt av "storsamfunnet" på samme måte som forsvar politi etc.

- Forslag til antall sentraler og plassering av disse.

Grensene for politidistrikta kan vera ein naturleg oppdeling og avgrensing av sentralane.

Med helsing
Os Brann og Redningsvesen


Stein Gjørund
Brannsjef


Arne Monsen
Varabrannsjef

Vedlegg: